

EIT RIKT VÅTMARKSOMRÅDE

FOSSEVATNA nokre få kilometer nord for Alversund er ei av dei finaste våtmarkene i Lindås. Særleg fuglelivet har gjort staden kjend. Heile året kan ein gjera spennande fugleobservasjonar. Men vil du bøyra fluktspelet til enkeltbekkasin, lyt du koma hit ein vår- eller sommarkveld.



Svein Nord



Fossevatna er eit variert område. Vegetasjonsrike vatn med mange holmar vekslar med myr og sumpskog. Mellom dei to vatna (Litlavatnet og Storavatnet) er høgdeskilnaden mindre enn ein meter. Bekken som knyter dei saman, flyt derfor stilt med sumpvegetasjon i kanten. Begge vatna har vore større før. Vassflata minkar gradvis etter kvart som torva frå myrane

veks utover. Vatnet har ofte ein brunleg farge, ettersom det inneheld mykje humus. I kanten av Litlavatnet veks mykje flaskestorr og elvesnelle. Gulldusk (biletet), myrklekk og hesterumpe står meir spreidd.

Vekslinga av fleire naturtypar innbyr til eit variert fugleliv, heile 115 fuglearter er registrerte i dette området. Mellom dei er 10 artar andefuglar, 11 vadefuglar og 2 rikse-

fuglar. Vanlege hekkande våtmarksfuglar er krikkand, vipe og raudstilk. Fleire bekkasinpar hekkar her. Somme fuglar søkjer òg tilhald inne mellom strandrøyr og takrøyr. Utanom hekketida er det vanleg å sjå småflokkar av toppand. Grågås tek gjerne ein rast under trekket. Om vinteren er det ikkje uvanleg å treffa på songsvaner og kvinender ved Fossevatna. Reservatet er ikkje underlagt særskilde ferdslerestriksjonar, men det er opparbeidd stigar som folk blir oppmoda om å bruka. Som elles i naturen pliktar du å ikkje uroa hekkande fuglar.




Ta av ved skiltet «Fossevatna», 4 kilometer nord for Alversund. Frå enden av vegen (parkeringsplass) går det stig inn i reservatet.



Gulldusk. (Bjørn Moe)

VÅRYRE KRIKKENDER

Krikkanda er den vanlegaste andearten i Hordaland, og Lindåsbalvøya er eit av dei aller mest ettertrakta områda for denne fuglen. Krikkanda er slett ikkje lett å få auga på, lita som ho er, og flink til å gøyma seg. Dessutan er det sjeldan mange



fuglar på same staden, oftast ikkje meir enn 2-3 par i det same vatnet. Det er ikkje utan grunn: Krikkandbannen er nokså styrlaus i periodar. Sjølv om arten dannar par, driv bannen intens kurtise med maken til naboen samstundes som han parar seg med sin eigen utvalde. Dersom naboboa er i eggleggingstida og dermed er fertil, går ikkje nabobannen av vegen for valdtekt, så sant sjansen er der.

Krikkanda føretrekkjer små skogstjørner eller stiltflytande elvar. I slikt terreng kan ein stundom få auga på krikkandboer som smyg seg varsamt på matjakt i rugetida. Blir dei oppdaga av ein våryr hann, er det gjerne ikkje fred å få, og matpausen blir lite effektiv. Når det er stor avstand mellom para, er det mindre fare for uønskt merksemd frå bannane. Det er truleg ei medverkande årsak til at krikkanda gjerne plasserer reiret fleire kilometer frå vatna der dei hentar maten.

Hos krikkanda blir parbindinga oppløyst tidleg i rugeperioden. Då har hannen lite å gjera. Kanskje forlèt han bekkeplassen og dreg til fjells. Krikkanda hekkar nemleg og i fjellet, men her har ikkje sesongen kome like langt som i låglandet. Derfor kan det vera ein god strategi å finna ein ny make her, eller jaga etter boer på anna vis. På slike stader er det såleis ofte stor overvekt av hannar i bestanden. Ved Langavatnet på Hardangervidda er det sett krikkandboer med inntil 25 kate hannar etter seg. (Foto: Jan Rabben)